

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 10.02.2010

Sak nr.: 09/4681-3

Internt l.nr. 4957/10

Sak: 13/10

Tittel: Framlegg til verneheimel i jordlova - fråsegn

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune går mot framlegget til verneheimel i jordlova då dette svekkar kommunane si rolle som planstyresmakt.

Endringa kan undergrave motivasjonen som kommunen har for å drive planlegging. På den måten bryt det med grunnprinsippet om lokalt sjølvstyre. Det kan også gjere det vanskelegare å nå klimamål gjennom fortetting. Dagens ordning med motsegn til kommunale planer som bryt nasjonale mål bør, saman med nye reiskapar som t.d. omsynssoner, utviklast til å fungere godt nok.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune går imot de foreslåtte innstramningene i jordloven som svekker grunneiers disposisjonsrett over egen eiendom og innskrenker lokale folkevalgte beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål.

Sogn og Fjordane fylkeskommune mener at eiendomsretten bør styrkes ved at grunneier i større grad enn i dag skal kunne disponere over egen eiendom og at det skal være lokale folkevalgte som skal ha endelig beslutningsmyndighet i plan- og arealspørsmål for vedkomende kommune.”

Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune godtek framlegget til verneheimel i jordlova.”

Avrøysting:

Norvall Nøringset røysta for framlegget frå Sosialistisk Venstreparti.

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Gunnvor A. Sunde, Arne Hovland, Mathias Råheim, Jostein Kvalsvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta mot.

Jostein Kvalsvik og Marthias Råheim røysta for framlegget frå Framstegspartiet.

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Gunnvor A. Sunde, Arne Hovland, Marit Barsnes Krogsæter og Norvall Nøringset røysta mot.

Nils R. Sandal, Jenny Følling, Harry Mowatt, Gunnvor A. Sunde, Arne Hovland, Mathias Råheim og Marit Barsnes Krogsæter for tilrådinga frå fylkesrådmannen.

Jostein Kvalsvik og Norvall Nøringset røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune går mot framlegget til verneheimel i jordlova då dette svekkar kommunane si rolle som planstyresmakt.

Endringa kan undergrave motivasjonen som kommunen har for å drive planlegging. På den måten bryt det med grunnprinsippet om lokalt sjølvstyre. Det kan også gjere det vanskelegare å nå klimamål gjennom fortetting. Dagens ordning med motsegn til kommunale planer som bryt nasjonale mål bør, saman med nye reiskapar som t.d. omsynssoner, utviklast til å fungere godt nok.

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 2

Tal uprenta vedlegg: 0

Framlegg til verneheimel i jordlova - fråsegn**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓****Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune går mot framlegget til verneheimel i jordlova då dette svekkar kommunane si rolle som planstyresmakt.

Endringa kan undergrave motivasjonen som kommunen har for å drive planlegging. På den måten bryt det med grunnprinsippet om lokalt sjølvstyre. Det kan også gjere det vanskelegare å nå klimamål gjennom fortetting. Dagens ordning med motsegn til kommunale planer som bryt nasjonale mål bør, saman med nye reiskapar som t.d. omsynssoner, utviklast til å fungere godt nok.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**Prenta vedlegg:

1. Høring – forslag til vernehjemmel i jordloven, høyringsbrev datert 11.09.09 frå Landbruks- og matdepartementet
2. Til orientering vert lagt ved saksførelegg og vedtak i sak ”Framlegg om verneheimel i jordlova – høyring” frå fylkeslandbruksstyret i møte 18. desember 2009

Uprenta vedlegg:

1. Endringsforslag lovtekst jordvern
2. Rapport – Vernehjemmel i jordlova

Saksframstilling

Bakgrunn

Landbruks- og matdepartementet (LMD) sende 11.9 2009 ut brev om høring på framlegg til endring i jordlova. Høringsfristen er sett til 10.januar 2010. Vi har vore i kontakt med departementet og dei opnar for at vår høringsuttale vil bli teken med i det vidare arbeidet i departementet sjølv om vi overskrider høringsfristen som er sett.

I rapporten *Klimaskifte for jordvern* gjorde Jordverngruppa nedsett av LMD framlegg om at det burde innførast ein heimel for vern av jordressursar. Statens landbruksforvaltning (SLF) fikk derfor i oppdrag å greie ut ein slik heimel. SLF sin rapport "*Vernehjemmel i jordlova*" låg føre i mars 2009. Det er framlegget frå SLF som no er send på høyring.

Regjeringa sine mål, sist uttrykt i St.meld. nr 26 (2006-2007) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand", er

- Halvere årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane innan 2010
- Stimulere kommunane til å utpeike kjerneområde for landbruk som grunnlag for kommunale planavklaringar.

Riksrevisjonen har sett nærare på bærekraftig arealplanlegging og -disponering i Norge og funne at produktive jordressursar ikkje vert teke vare på slik Stortinget har føresett.

I den omtalte rapporten "*Vernehjemmel i jordlova*" konkluderer SLF med at det i dag ikkje er heimel i lovverket for vern av jord for å sikre og vidareføre produksjon av mat.

SLF gjer framlegg om endringar i jordloven - ny paragraf 8 b og c - slik det går fram av vedlegg X. Dei viktigaste punkta er:

- Kongen får myndigheit til å gje verdifulle jordressursar varig vern som jordvernområde.
- Behandling av dispensasjonssaker vert lagt til Fylkesmannen
- Høve til omdisponering og fradeling i verneområda blir innskrenka.
- Vernet skal gjelde verdifull dyrka jord.

Departementet har arbeidd vidare med framlegget frå til SLF og endra det på nokre punkte. De har flytta lovendring fra ny paragraf 8b og 8c til nytt kapittel og ny paragraf 13, 14 og 15 i jordlova, men halde på intensjonane. Departementet presiserer at det skal leggst vekt på:

- Kvaliteten på areala til mat- eller forproduksjon
- Om areala har eller kan få nasjonal eller regional betydning for matproduksjonen.
- Om areala er av en viss størrelse eller er samanhengande
- Om areala ligg i et område der det er eller kan ventast utbyggingspress

Omdisponering av dyrka jord får et sterkare vern etter ny paragraf 14 enn dagens paragraf 9.

Høringsbrevet nemner opp tiltak som bustadbygging, idrettsanlegg og kjøpesenter som tiltak det ikkje skal gjevast omdisponering til, men påpeikar at utbyggingar der Stortinget har gjeve si tilslutning, vil kunne få aksept for omdisponering.

Lovforslaget og høringsbrevet seier lite om pårekna omfang av vern. Verneprosessen er skissert nærare og Fylkesmannen får ein avgjerande rolle saman med SLF i framlegg og utgreiing. Høringsbrevet skisserer vidare at det skal greiast ut område i alle fylke.

LMD ber om synspunkt på at nye bestemmelsar om jordvern vert teke inn i jordlova med ei rekke opplista underspørsmål. I tillegg ber ein om synspunkt på ei fleire andre tilhøve som følgjer av framlegg til endring av jordlova.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Som ei følgje av forvaltningsreforma frå 01.01.2010 skal fylkeskommunen være regional myndigheit når det gjeld uttalar i landsbrukspolitiske spørsmål.

Fylkesrådmannen legg i denne saka ikkje opp til å svare direkte på spørsmåla som vert stilt i høyringsbrevet, men vil nærme seg saka meir prinsipielt. Trass i omfanget og dei prinsipielle spørsmåla, kan ikkje fylkesrådmannen sjå at saka er tilstrekkeleg utgreidd. Dette er eit tankekors i og med at alle større *kommunale* plangrep løyser ut krav om relativt omfattande konsekvensutgreiingar

Fylkesrådmannen er positivt innstilt til styrking av jordvernet. Omdisponering av dyrka jord er i regelen ein irreversibel prosess. I eit langsiktig perspektiv er dyrka jord viktigast som beredskap, og er eit potensiale for matproduksjon i en situasjon med matmangel, enten globalt eller lokalt.

Det er såleis forståing for at departementet kjenner ansvar for å ta vare på areal for matproduksjonen. Det har vist seg å vere varierende politisk vilje på ulike nivå til å ta vare på desse areala. Slik sett er det ikkje først og fremst nye verkemiddel som trengst, men vilje til å nytte dei ein har. Statlig arealsikring etter naturvernlova (no naturmangfaldslova) og delvis kulturminnelova har ofte vore nyttig. Der naturvernlova har vore nytta, har dette gjerne vore i område med få (om enn ofte store) arealkonfliktar og utan større konfliktar med andre miljømål. Når det gjeld vern etter kulturminnelova, har dette ofte vore små område. Etter ny plan- og bygningslov vil slikt vern i aukande grad bli erstatta med omsynssoner i kommune- og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har først og fremst reservasjonar når det gjelder tilhøvet til heilskapleg arealforvaltning, lokal forvaltning og klimaomsyn. Det uheldig at tilhøvet til klima, transport og faren for ei sektorisering av arealomsyna er ikkje nemnde i bakgrunns materialet til forslaget. Jordvern bør kunne vurderast i forhold til andre viktige miljømål slik som transport og klima. Slik kan ein til dømes få det paradokset at eit unyansert jordvern i Noreg kan medverke til auka CO₂ utslepp og slik svekke matproduksjonen globalt. Eit meir spreidd og bilavhengig utbyggingsmønster vil kunne kome i konflikt med tydelige statlige mål om tilgjenge for alle (Universell utforming). På den andre sida kan betre jordvern gje meir kortreist mat. Problematikken rundt lokal forvaltning er omtala, men ikkje drøfta meir prinsipielt.

Det kan verke lite samordna frå staten sin side at planlegging i tettstadsnære, svært konfliktfylte område med mange ulike miljømål skal bli trekt ut av eit heilskapleg plansystem. Det kan også føre til at kommunane blir mindre motivert for å drive heilskapleg arealplanlegging og i større grad etter kvart vil oppfatte seg sjølv berre som ein lokal part i strid med sterke eksterne sektorinteresser.

Over tid kan dette bety at arealplanlegginga blir flytta frå lokalt til regionalt eller statlig nivå. Om dette er ei ønska utvikling, er ikkje drøfta i framlegget. Dette er i realiteten eit framlegg om å flytte makt frå lokal til sentral myndigheit. Prosessen er omvendt i forhold til utviklinga vi har sett dei siste tiåra, og vert grunngjeve med at dette er nasjonale spørsmål som må handsamast nasjonalt. Det vert og hevda at omsynet til jordvern ikkje er tilstrekkelig ivareteke no. Røynsler m.a. frå strandsonene tilseier at sjølv om spørsmålet er nasjonalt, er problemstillingane og vurderingane lokale. Det kan hevdast at ein betre og sterkare planprosess kan være eit godt alternativ til vern. Det gir ikkje same formell lovstatus, men kan ha same effekt.

Fylkesrådmannen meiner at ein heller burde sjå korleis det vil vere å nytte det etablerte plansystemet i plan- og bygningsloven betre framfor å etablere nye statlige, sektorielle plangrep. Her er til dømes omsynssoner nye reiskapar. Elles kan både fylkeskommunen og fylkesmannen bruke motsegnsinstituttet dersom ein kommune ikkje har teke omsyn til verdifulle jordbruksareal i sine arealplanar. I ei tid der det er viktig at alle partar tek eit ansvar for å løyse store lokale og globale utfordringar, kan dette sjå ut til å vere ei rettare tilnærming. Overordna er det likevel å sikre en god samfunnsutvikling og god arealbruk. Da er det mange omsyn å ta, og jordvern er eitt av dei. Dette framlegget løftar jordvern frå å være eit omsyn i planlegginga til å være ein på førehand definert skranke, som kan gå på ut over andre tilhøve.

Fylkeskommunen si røynsle med kommunale plansaker tilseier ikkje at trongen for å få til denne endringa ikkje kjennest sterk ut frå ein lokalt ståstad. Omdisponering av dyrka mark skjer i regel i arealplan eller reguleringsplan, og då i samråd med Fylkesmannen, som også som nemnd har motsegnssrett. Kommunen har avgjerdsrett i enkeltsaker. Det er ofte små areal som blir omdisponert av kommunen i enkeltsaker. Det er i plansakene vi finn storparten av det omdisponerte arealet, og då har staten alt hatt høve til å påverke saka.

Avsluttande drøfting og tilråding

Hovudspørsmålet i denne saka er på kva nivå ansvar for planlegging og forvaltning av areal for matproduksjon skal ligge og korleis dette temaet kan sjåast i samheng med andre samfunnsinteresser.

Fylkeskommunen ser at forslaget er bra ut frå omsynet til å sikre dyrka jord. Ut frå mål om ei heilskapleg arealforvaltning er dette problematisk og det gjer tydelegare uavklarte sprik mellom dei ulike statlige måla og føringane. Særleg gjeld dette tilhøvet til kommunane si rolle som planstyresmakt i plan- og bygningsloven og i høve klima- og transportmål. Dette er for lite belyst i framlegget til verneheimel.

Fylkeskommunen går difor mot framlegget då dette svekkar kommunane si rolle som planstyresmakt. Endringa kan undergrave motivasjonen som kommunen har for å drive planlegging. På den måten bryt det med grunnprinsippet om lokalt sjølvstyre. Det kan også gjere det vanskelegare å nå klimamål gjennom fortetting. Dagens ordning med motsegn til kommunale planer som bryt nasjonale mål bør, saman med nye reiskapar som omsynssoner, utviklast til å fungere godt nok.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)